



Høyanger kommune
Tenesteområde oppvekst
Høyanger skule

Høyanger, 3. januar 2023

Svar på oversending av klage frå Statsforvaltaren i Vestland

Viser til oversending av klage frå Statsforvaltaren i Vestland, 22.12.22. Jamfør forvaltningslova § 33 skal forvaltningsorganet ved klage sjølv vurdere saka på nytt.

Høyanger skule viser til vedlagde e-post i oversendinga, vedlegg mail 1, der rektor i e-post 24.11.22, ønskjer dialog med FAU for å drøfte praksis i samråd med føresette sine representantar ved skulen. Det vert i same e-post presisert at skulen ikkje har gitt eit avslag om utlevering av klasselister. Rektor stadfestar i svar 09.12.22 at FAU vil få utlevert klasselister etter at skulen har sikra listene for teiepliktige opplysningar, gjennom å innhente samtykke frå føresette. Høyanger skule stadfestar med dette at FAU ikkje har fått avslag på førespurnaden om utlevering av klasselister.

Høyanger skule har sett i gang utarbeiding av samtykkeskjema. Dette må godkjennast i oppvekst kommunalt før utsending, då alle samtykkeskjema skal vere like i kommunen. Desse vil vere klare medio januar, der klasselister vidare kan genererast så snart føresette har svart.

Med venleg helsing

Gro Nes Hommedal
Rektor
Høyanger skule

Kopi.
Fau Høyanger skule v/Jeanette Walsvik
Stig Engen kommunalsjef oppvekst